



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

2/2020

NOVEMBER • ÅRGANG 27

Brannfare ved feilsortering

Les meir på side 4 og 5.

«Mi side» og vinterhjelp

Les meir på side 6 og 7.

Mykje plast i bio

Det er ein del som brukar handleposar av plast i biodunken, noko som fører til at kompostjorda vert øydelagt.

Les meir på side 2 og 3.

Bio *din* Bio

SIM lagar kompostjord av bioavfallet me får inn. Dette er eit godt produkt som me sel til våre kundar. Den seinare tida har me opplevd at mange butikkar reklamerer for posar og produkt som skal vera komposterbare. Desse produkta er ikkje godkjende i vårt kompostanlegg, med mindre dei er merka med **EN 13432, ASTM D6400** eller **HOME OK kompost**.

Dette er ein standard som medfører at produkta vert heilt brotne ned i eit komposteringsmiljø innan ei viss tidsramme, utan å etterlate skadelege restar. Me opplever ein stor auke i mange ulike bioposar som ikkje er godkjende i biodunkane. Dette er truleg mot betre vitande frå abonnentane si side, då ein kanskje har kjøpt produktet i god tru om at dei er komposterbare. Årsaka til at me ikkje kan nytte andre produkt er at dei etterlet seg plast i kompostjorda, som ikkje vert brote ned i vår prosess.

Me vil av den grunn informere deg som kunde om at:

SIM sine maisposar med knytehank stempla som «SIM godkjent» er til sals ved alle våre miljøsentralar og ein del butikkar i Sunnhordland.

Dersom du som kunde vil nytta andre maisposar enn «SIM biobag» i biodunken, gjeld fylgjande:

1. Posen må vera laga av maisstivelse (utan noko form for spor av plast) og eigna for kompostering. Slike

posar skal vera tydeleg merka **EN 13432, ASTM D6400** eller **HOME OK kompost**.

2. Papirposar er lov, òg heimelaga posar av papir frå aviser og liknande, men ikkje lakka papir frå vekeblad, katalogar etc.
3. Posar laga utanfor Europa må vera godkjent/testa av SIM – der ein får eit skriftleg svar – før ein kan ta dei i bruk.

Plast skal ikkje i biodunken

Det er ein del som brukar handleposar av plast i biodunken. Desse vert ikkje brotne ned i komposteringsprosessen i det heile, og etterlet seg plastbitar i det ferdige produktet. Dermed vert den ferdige kompostjorda øydelagt.

Tømer IKKJE dunken

SIM sine sjåførar har pålegg om å ikkje ta med seg dunkar der det i stor grad er

Tips til biodunken:

- IKKJE bruk posar av plast i dunken. T.d. handleposar frå REMA, KIWI, MENY osv
- Glas og metall skal IKKJE i biodunken.
- Varm mat kan svekkje kvaliteten på posen
- Ta heile biospannet med deg når du skal tømme den i dunken, så unngår du at posen revnar

✓ Kva kan du ha i dunken? (nokre døme)

- Matrestar av alle slag
- Kaffigrut, kaffifilter
- Eggeskal, restar av reker og andre skaldyr
- Visne blomar, gamle potteplanter (utan potte!)
- Mindre mengder hageavfall, sagflis
- Kjøkenpapir, papirserviettar
- Eggekartongar

✗ Kva skal ikkje i dunken? (nokre døme)

- Glas
- Plast
- Metall
- Drikkekartongar
- Farleg avfall
- Elektrisk- og elektronisk avfall (EE)
- Impregnert eller måla trevirke
- Bleier
- Hundeposar



feilsortert, eller er feil posar i dunken. For at du skal vera heilt sikker på at posen du brukar er godkjent, bruk SIM sine bioposar, kjøp posar med godkjent merking eller bruk papirpose.

På førehand takk for at du er med å bidra til ei god kompostjord frå SIM.

Bruk berre posar merka med **EN 13432**, **ASTM D6400** eller **HOME OK kompost**.



Alt for mykje plast hamnar i kompostjorda til SIM på grunn av bruk av plastposar i bioavfallet.



Ditt avfall – ditt ansvar

Malingsspann, batteri, mobiltelefonar, lyspærer og farleg avfall. Lista er lang over produkt som vert kasta i restavfallsdunken eller i svarte/ugjennomsiktelege sekker på miljøsentralen.

Dette er avfall som inneheld miljøgifter, og som skal leverast som farleg avfall eller EE-avfall til eit godkjent mottak. I tillegg er dette avfall som kan sjølvantenne og som dermed utgjør ein brannfare, både i dunken ved huset ditt heime, og i våre avfallsanlegg.

Undersøkingar viser at terskelen for å kaste miljøfarleg, eller brannfarleg avfall i dunkar eller sekker er lågare, dersom ein trur ein ikkje vert oppdaga. SIM innfører difor no eit krav om levering i gjennomsiktige sekker på våre miljøsentralar, og kontroll av avfallet som

vert kasta i dunkane. Farleg avfall og EE-avfall er gratis å levere på miljøsentralen og vert sendt til mottak som har spesialisert seg på destruksjon. I tillegg kan det vera materiale som kan nyttast om igjen, særleg i EE-avfallet.

Feilsortering kan medføra brann

Ragnhild Vad, avdelingsleiar førebyggjande, Stord brann og redning, fortel at brann i avfallsanlegg er krevjande for brannvesenet å handtera, og det kan gje store skadar på både person, materiell og miljø. Berre sidan 2016 har brannvesena i Noreg rykka ut til om lag 165 brannar i avfallsanlegg.

– Feilsortering kan føra til brann både i bosdunken din, i bosbilen under transport, ved sorteringsanlegg eller ved deponi. Ein av dei høgaste risikoane

er brann i blanda avfall (restavfall). Avfall som ofte hamnar i restavfallet er batteri, lyspærer, maling, sprayboksar, små gassflasker og filler med olje og løysemidlar. Filler med til dømes linolje eller treolje kan sjølvantenna ved dei rette forholda, dersom desse då ligg nært eller i blanda avfall kan det utvikle seg til ein større brann, påpeikar ho.

Ho legg til at feilsorterte batteri utgjør kanskje den største risikoen for brann. Knusing, gjennom boring, overlading og

overoppheting kan føra til ein intern kortslutning i batteriet. Dette kan igjen føra til reaksjonar inni batteriet som leiar til rask, ukontrollerbar varmeutvikling, ein prosess som blir kalla thermal runaway. Blanda avfall kan innehalde mykje brennbart materiale, og det er derfor lite gunstig om ein får eit batteri som kortsluttar nært eller i denne typen avfall.

Det er også mykje mekanisk behandling av avfallet, ved flytting, komprimering,



Innfører forbod

Mange selskap har innført forbod mot svarte/ugjennomsiktelege sekker på sine miljøsentralar, for å ta ned risikoen for feilsortering. SIM har sidan 2016 oppmoda våre kundar om å bruke blanke sekker, men no er tida inne for innføre eit forbod. Frå 1.1.2021 vert det ikkje lenger lov å bruke svarte/ugjennomsiktelege sekker når ein leverer i sekker på SIM sine miljøsentralar.

Kva konsekvensar har dette for meg som kunde?

Ikkje anna enn at du i staden for å bruke svarte/ugjennomsiktelege sekker til å

levere restavfallet i, så må du bruke *gjennomsiktelege* sekker. Slike sekker får du kjøpt i mange ulike butikkar og hjå SIM.

Kan eg bruke SIM sine sekker for plastemballasje?

Nei. Desse sekkene er berre for plastemballasje.

Kva gjer eg dersom eg kjem på miljøsentralen med svart sekk?

Då kan du anten opne sekken/sekken og sortere direkte i konteinar, eller du kan køyre heim og pakke om.

kverning osv., som kan føra til antenning dersom det er feilsorterte objekt (naudbluss, sprayboksar, batteri) til stades, eller ved at det oppstår gneistar ved friksjon ved skraping for eksempel mot betonggolv.

Hennar oppmoding er at ein sorterer avfallet rett, slik at me alle er med på å førebyggja brann ved avfallsanlegg.

Kjelder: Branner i avfallsanlegg, rapport utarbeida av RISE fire research



Ragnhild Vad, avdelingsleiar førebyggjande, Stord brann og redning.



Søk midlar frå SIM sitt miljøfond

I 2014 selde SIM dotterselskapet SIM Næring. Det vart vedteke i representantskapet at ein skulle opprette eit miljøfond. Fondet sin verdi var ved utgangen av 2018 om lag 51 millionar kroner.

SIM sitt miljøfond skal gå til tiltak som på ulikt vis gjev betre miljø for innbyggjarane i eigarkommunane til selskapet. Miljø er summen av alle faktorar som menneska er omgjevne og påverka av. Alle kan søkja midlar frå fondet.

Årleg søknadsfrist: 31. desember.

Les meir og søk på sim.as/miljofond

Ingen tømmekalender i posten

Hugs!

Me minnar om at tømmekalenderen ikkje lenger vert sendt ut til alle husstandar. SIM oppmodar dei som har høve til det å nytta våre digitale løysingar, som appen eller nettsida vår. **Det vil likevel vera fullt mogeleg å få papirutgåva av tømmekalenderen for dei av våre abonnentar som ynskjer det.**

Då har ein fleire alternativ:

-  Du kan printe ut ein versjon frå våre nettsider sim.as
 -  Du kan hente tømmekalender ved ein av våre miljøsentralar
 -  Du kan hente tømmekalender på rådhuset/kommunehuset
 -  Du kan be SIM sende ein kalender til deg i posten.
- Kontakt oss på tlf. **53 45 78 50** eller e-post: sim@sim.as



MENY



Frå 1. januar 2021 vil du finne innlogging til «Mi side» som eige ikon i toppen av sim.as. I tillegg finn du den under menyen øverst til høgre.

På di side med «Mi side»

I SIM jobbar me kontinuerleg med å utvikle og forbetre tenestene våre. Dette gjeld så vel tilbod om nye henteordningar, digitale tenester eller tenester knytt til våre miljøsentralar.

Full oversikt over din renovasjon

For at du som abonnent lettare og kjappare skal få tilgang til ditt abonnement, har me no utvikla «Mi side». På «Mi side» kan du mellom anna få full oversikt over ditt/dine abonnement hjå oss, du kan endra abonnement eller melde frå om flytting.

Kvifor satsar på me ei slik side?

Fleire og fleire nyttar mobil, brett eller datamaskin for å finne informasjon, og for å utføre tenester, både frå det offentlege og det private. På «Mi side» får du all informasjon om dine renovasjonstenester samla på ein stad, og du kan lett endre eller bestille tenester sjølv.


Korleis får eg tilgang?

Når «Mi side» er klar, vil du finna innlogging i menyen på sim.as. Me gjer merksam på at det er den som står som «eigar» av hushaldsabonnementet hjå SIM, som har tilgang til sida. Du loggar enkelt og greitt inn via ID-porten med din føretrekte innloggingsmetode.

Mi side vil vera tilgjengeleg frå 1.1.2021.

Framleis tilgjengeleg

Sjølv om me no lanserer «Mi side» ynskjer me å presisere at det framleis er mogeleg å kontakte oss både via epost, facebook, telefon eller fysisk oppmøte som før. Er du ein av dei som helst ynskjer å snakke med oss direkte er du sjølvsagt velkommen til det. Kundemottaket er ope mellom 09.00 og 15.00 kvar vekedag, og vil hjelpa deg på same måte som før om du ringer oss på 53 45 78 50.




På «Mi side» vil du blant anna enkelt kunne endre dunkoppsettet ditt.



Visste du?

- SIM har ein eigen app som varslar deg kva dunk som skal ut kva tid. Du kan laste den ned gratis ved å søkja på «SIM tømmekalender» i **Google Play™** eller **App Store®**.



- Dunken må ikkje fyllast så mykje at du ikkje få igjen loket. Då vert det forsøpla kring dunken, noko som trekkjer til seg skadedyr som fugl og rotter.

- Ved alle våre miljøsentralar ynskjer me at ein skal betale med kort eller Vipps.



- Det kan ta opptil fem veker frå du har bestilt ny bosdunk til du får den heim. Årsaka er at SIM køyrer «oppsamlingsheat» med utdeling av bosdunkar i kvar kommune kvar femte veke. Dersom du tykkjer det vert for lenge å venta på dunken, kan du henta ny sjølv på miljøsentralen. I så fall må du melde frå til SIM på førehand.



- Dunken skal tilbake til oppstillingsplassen etter tøming

Hjelp oss fram!

Vanskelege vinterforhold med snøfall og glatte vegar kan gjera det ekstra krevjande for sjåførane våre å halda ruta og få tømt dunken din til rett tid.

For å bidra til at avfallsinnhentinga går så smidig som råd også på kalde vinterdagar, gi gjerne sjåførane ei hjelpande hand ved å måka ubrøytt vegar og snuplassar. Kanskje kan du også hiva ut litt strø på glatte parti?

Om våren/sommaren er det attgrodde vegar, greiner og buskas som er problemet. Dette gjeld særleg for slambilen som køyrer innom mange hus. Sag difor ned/vekk dette, slik at bilen

kjem fram, slike bilar kan vera opp mot 4 meter høge.

Faktisk pålegg renovasjonsforskriftene eigarar og bruksrettsinnehavarar av private vegar både å måka og strø – slik at bosbilen kjem fram. Men me synest no det er aller best å sjå på ein slik ekstrainsats som ei hjelpande hand til både sjåførane våre, naboane dine, og ikkje minst deg sjølv.



Måk plass til dunken slik at våre bilar kjem lett til om vinteren, og klypp buskar og trær som strekker seg ut over veggen.



Endring i innlevering av tekstilar

SIM har skifta samarbeidspartnar for mottak av sko og tekstilar. Desse vert no levert til Fileks, eit selskap på Sunnmøre som samlar inn tekstilar til resirkulering og gjenbruk. Les meir om selskapet på deira nettsider: fileks.no

For våre kundar inneber endringa:

- Ein ynskjer klede, sko og tekstil i brukande stand.
- Det er ynskjeleg at det vert levert i vanlege handleposar eller tilsvarande. Posane leverer du til ein av SIM sine miljøsentralar.
- Øydelagde klede, sko, tekstil skal i restavfallet.



SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord

OFFENTLEG INFORMASJON

I disse julekoronatider...

Jula i år blir nok ekstra spesiell for mange på grunn av situasjonen rundt koronapandemien. Her er nokre av sortere.no sine tips til koronavennlege adventskalendera som gjev meir kos og mindre avfall.

**BOOKSTAVKALENDER**

Bokstavane blir til eit ord;
ei oppleving eller ein ting

Pakk inn ein bokstav til kvar dag (kan jo òg vera bokstavkjeks). Bokstavane blir til eit ord i løpet av veka. Det kan vera ei gåve eller ei oppleving som til dømes kjem i helga.

**BYTEKALENDER**

Finn ein byttevenn og pakk
inn ting du ikkje brukar

Finn ein ven for deg eller barna, og lag bytekalender. Finn fram 24 leker, utstyr eller klede du ikkje brukar lenger og pakk dei inn. Om du ikkje har nokon å byte med – kanskje du kan selgje, gi vekk eller kjøpe ferdig kalender på finn.no eller Tise? PS: hugs i såfall å skrive kven den passar for og kva den må like. Til dømes: Adventskalender til jente 8 år som likar LEGO, dyr og blått.

Skriv ut 24 bileter frå til dømes turar, bursdagar eller andre fine opplevingar det siste året. Har du litt ekstra tid – skriv litt om opplevinga bakpå bileta, eller mimre saman når bileta blir «opna» kvar dag. Kanskje alle bileta med evt. tekstar kan setjast inn i eit minnehefte?

**BILETKALENDER**

Skriv ut 24 bileter frå gode opplevingar siste året

**Miljøvennleg juletid**

Les fleire råd om ei meir miljøvennleg jul og andre tips til adventskalendera på sortere.no/jul.

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april-30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.-31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00
Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00
Perioden 1. april-30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.
Perioden 1. okt.-31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FRÅ 01.01.2021:

Måndag og onsdag kl. 11.00-18.00
Tysdag og torsdag kl. 09.00-16.00
Perioden 1. april-30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00
Perioden 1. okt.-31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 12.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00
Perioden 1. april-30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.-31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

FRÅ 01.01.2021 (MERK: FREDAGAR STENGT):

Måndag, onsdag og torsdag kl. 12.00-18.00.
Tysdag kl. 09.00-14.00
Perioden 1. april-30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00
Perioden 1. okt.-31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00
Laurdag kl. 09.00-14.00

FRÅ 01.01.2021:

Måndag-torsdag kl. 09.00-18.00
Fredag kl. 09.00-15.00
Laurdag kl. 09.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april-30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.-31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

**SIM**

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as